14.05.2014

**<u>Ressursdag 1. klasse</u>** - <u>informasjon til heimen</u>

Hordabø skule ønskjer å vera tidleg på bana for å registrera elevane som treng tilrettelagt opplæring. Hjå oss er det aktuelt å ha fysioterapeut, logoped, spesialpedagog, helsesøster på observasjon ein dag i 1. klasse. Dagen vil verta gjennomført i veke 45.

Etterpå vert det et evalueringsmøte for fagpersonane og skulen.

I tida etter ressursdagen vil skulen bruka tid på gjennomføring av tiltak. Kontaktlærar og rektor vil i samarbeid stå for planlegging og gjennomføring. Det kan t.d. vera grupper i gymsal med øving på grunnleggjande rørsle, ei gruppe generell språkstimulering, ei gruppe der ein har litt ekstra om sosiale tema, ei «bli-tøff» - gruppe for meir forsiktige barn o.s.b.

Føresette vil få tilbakemelding etter ressursdagen om barnet deira får tilbod om ei slik gruppe.

Hanne-Mari Engen
*rektor*